ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Jens H N Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Josep Gayrbekov | 23.02.2023 |
| Vår: 21/4215 - 23/14827 | josep.gayrbekov@alver.kommune.no | |

# Behandling av klage - Frådeling av parsell - gbnr 351/13 Landsvik

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Frådeling av parsell |
| Byggjestad: | Gbnr: 351/13 |
| Tiltakshavar: | Øyvind Landsvik |
| Ansvarleg søkjar: | Jens H N Bjordal |

Delegasjonssak nr.: 212/23

**Vedtak :**
**Alver kommune tek klaga delvis til følgje og tilbakebetalar kr 12.450 av gebyrbeløpet.**

**Vedtaket er heimla i pbl. § 21-7, SAK10 §§ 7-3 – 7-6.**

**Vurdering/drøfting:**
Kommunen mottok mangelfull søknad den 29.04.2021 og sendte ut brev med forespørsel om ytterlegare opplysningar den 18.05.2021. Komplett søknad vart mottatt den 24.05.2021. 12-vekersfristen talt frå denne dato er 16.08.2021. Saka ble sendt på høyring den 14.07.2021. I brev av 02.08.2021 ba Vestland Fylkeskommune (VFK) at det ikkje blei treft vedtak før VFK hadde gjennomført synfaring og gjeve endeleg fråsegn i saka. Den 26.08.2021 mottok kommunen endeleg fråsegn frå VFK. Vedtaket ble sendt ut den 24.09.2021.

Sakshandsamingsfrista er 12 veker for søknadar om dispensasjon. Fristen forlengast med den tida saka er på høyring hos eksterne mynde, men fråsegn skal gjevast innan 4 veker frå søknaden vert oversendt. Totale sakshandsamingstida hos kommunen er da 16 veker. Ved særleg behov kan handsamingstida forlengast utover dette, men berre når ny frist er formidla til tiltakshavar og ansvarleg søkjar.

I denne saka vert 16-vekersfristen overskrida med 1 veke og 4 dagar utan at kommunen orienterte søkjaren om forlenga sakshandsamingsfrist. Kommunen skal da tilbakebetale tiltakshavar 25% av det totale gebyret for kvar påbegynte uke 16-ukersfrista vert overskrida. Dette tilsvara 50% av det totale gebyret.

**Konklusjon:**
Med bakgrunn i vurderinga over har Alver kommune kome fram til at tiltakshavar skal tilbakebetalast kr 12.450 av innbetalte kr 24.900.

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen | Josep Gayrbekov |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jens H N Bjordal | Grønlandsvegen 11 | 5918 | FREKHAUG |
| Øyvind Landsvik | Storamyra 7 | 5355 | KNARREVIK |